

BREMANGERLANDET VINDPARK BREMANGER LOKALNYTT

Tilrår at vindkraftanlegget ikkje blir bygd



Her må ja-grunneigar Einar Svarstad, Leif Varpe og representantane frå SFE, Ola Lingås og Stig Svalheim konstatere at vindkraftmotstandarane har vunne fleirtalet av politikarane over til sitt syn. Foto: Arve Olav Førde Solbakken

Av [Arve Olav Solbakken](#)

05. desember 2019, kl. 13:17 ▾

Mot Sp sine stemmer vedtok formannskapet i Bremanger at Bremanger

Vindkraftanlegg ikkje bør byggast.

DEL

f

...

Konklusjonen i vedtaket som blir høyringsuttale til MTA-planen lyder slik:

Samla sett er vurderinga til kommunen i dag at viktige føresetnader for tidlegare vedtak ikkje er innfridd og at dei negative konsekvensane ved utbygging er større enn fordelane. Bremanger kommune ønskjer at utbygginga vert stogga og ber NVE og OED om å trekkje konsesjonen attende.

Formannskapet valde å utsette saka om å dispensasjon frå LNF-formålet til etter førstkommande kommunestyremøte.

Med dette kan dei som har arbeidd med å stoppe utbygginga notere seg for ein ny delsigar. Det politiske fleirtalet i Bremanger blei i valkampen snudd frå eit ja til eit klart nei og dette er konsekvensen av det.

I formannskapet la Venstre, Høgre, Ap og SV fram det alternative framlegget, som Sp stemde i mot- i tråd også med det som vart uttalt i valkampen.

Magne Kjerpeset i Sp stod fast på sitt standpunkt:

- Det er store forbetringar i MTA-planen og det er ein konsekvens av demokratiske prosessar. Vi politikarar veg argument litt ulikt. Vi i Sp ser det som ein god plan og står på det vi har meint. Vi har studert MTA-planen og vurdert den og medlemsmøtet er med oss.

Elisabeth Hatlenes (H) viser til valkampen og lovnadene som blei gitt til veljarane der:

- Mange har stemt på oss ut frå dei standpunkt vi la fram der. Derfor er vi med på det felles framlegget til Venstre, Høgre, Ap og SV.